
Saksnr: 2020/72387-1
Saksbehandlar: Kjersti Sognnes

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for næring		05.11.2020

Nærings- og utviklingsfond for utsette kommunar og område

Tilråding til vedtak:

Med bakgrunn i sak og tilbakemeldingar frå hovudutvalet får fylkesrådmannen i oppdrag å arbeide vidare med å konkretisere eit nærings- og utviklingsfond for utsette kommunar og område.

Samandrag

Hovudutvalet for næring gjorde i sitt møte 16. september i samband med sak 49/2020 «HU NÆRNA Budsjett 2021/økonomiplan 2021-2024 - arbeidsdokument 4/20» følgjande delvedtak: *«Det vert vurdert å opprette nærings/utviklingsfond i utsette kommunar og regionar. Fordeling og innretning vert vurdert i eiga sak. Regionråda si rolle i utvikling og partnerskapsarbeidet inngår i saka»*

Det har parallelt frå administrasjonen si side vore arbeidd med å forme ein styrka innsats overfor utsette kommunar og regionar. I samband med dette bad vi i brev til departementet i vår om 20-30 mill kr i statleg omstillingsstøtte i samband med eit program for utsette kommunar. I framlegget til statsbudsjett for 2021 er det ikkje funne rom for ei slik støtte til Vestland. Dette vert grunngjeve med at Vestland sine utfordringar er korona-relaterte, og at ein føreset at den slags utfordringar vert dekkja gjennom andre ordningar.

Det er og i to saker våren 2020 til utvalet og gjort vurderingar knytt til kva type kommunar som kan være tildelingsgode for «Kommunale næringsfond». Sak 20/2020 «Tildeling til kommunale næringsfond 2020» der det for utvalet er fremma vurderingskriterier til grunn for tildeling av kommunale næringsfond for 2020. Samt meir prinsipielt knytt til kriteria for «kommunale næringsfond» i sak 42/2020 «*Dei kommunale næringsfonda si rolle og framtid i Vestland fylke*».

Det vert uavhengig av regjeringa sitt framlegg av statsbudsjett 2021, og manglade løyving til Vestland fylke på dette området, arbeidd vidare med å sjå på tiltak overfor utsette kommunar.

Ut frå Hovedutval næring sitt vedtak 16. september der det vert bedt om sak knytt til å «vurdert å opprette eit nærings- utviklingsfond i utsette kommunar og område», må dette og sjåast i samanheng med den ovannemnde innsatsen. Og det vert å sjå i samanheng med den innsatsen som vi til denne tid har nemnt som nærings- og samfunnsutvikling i bygder og lokalsamfunn. Ref. her hovedutvalet sitt vedtak i sak 43/2020: «*Nærings- og samfunnsutvikling i bygder og lokalsamfunn og omstillingsarbeid i utsette kommunar*».

Vi legg i denne saka fram nokre overordna vurderingar knytt til eit nærings- og utviklingsfond. Dersom det er hovedutvalet sin intensjon i samband med budsjett 2021, og sette av eit beløp til eit slikt fond, vi fylkesdirektøren raskt over nyttår kome tilbake med ei sak til utvalet der vi

konkretiserer eit slikt fond, med forslag til kriterier og anbefaling på kommunar som vil være målgruppe for eit slikt fond. .

Bård Sandal
fylkesdirektør

Endre Høgalmen
seksjonssjef naturressurs,
landbruk og reiseliv

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Hovudutvalet for næring gjorde følgjande delvedtak i sitt møte 16.september, PS49/2020:
«Det vert vurdert å opprette næring/utviklingsfond i utsette kommunar og regionar. Fordeling og innretning vert vurdert i eiga sak. Regionråda si rolle i utvikling og partnerskapsarbeidet inngår i saka.»

Eit ev nærings- og utviklingsfond for utsette kommunar og område bør sjåast i samanheng med den øvrige innsatsen for utsette kommunar, og i samanheng med den samla innsatsen innan nærings- og samfunnsutvikling for bygder og lokalsamfunn. Vi drøftar her nokre hovudprinsipp for eit ev nærings- og utviklingsfond.

Omstillingsarbeid i utsette kommunar og område - m.a. under programkategori 13.50 Distrikts- og regionalpolitikk

I kjølvatnet av korona-pandemien og lågare oljeinvesteringar er det venta at ein god del kommunar og område i Vestland fylke vert varig råka. Fylkeskommunen har derfor i brev våren 2020 bede om statlege midlar til omstilling i kommunar og utsette område. Dette som innspel til statsbudsjettet for 2021 og eit nasjonalt omstillingsprogram som ligg under den distriktpolitiske satsinga. Det vart bedd om 20-30 mill kr til denne satsinga i Vestland, og det vert m.a. synt til dei store utfordringane innan reiseliv og offshore leverandørindustri. Kommunal- og moderniseringsdepartementet har tidlegare meldt at dei forventar ei regional medfinansiering. Vi har sendt to brev til Kommunal- og moderniseringsdepartementet, der vi har gjort greie for situasjonen slik at departementet skulle ha eit oppdatert grunnlag for innmelding av omstillingsbehov i samband med statsbudsjettet for 2021. Dei nemnde breva er av 20.april og 28.mai. Hovudutvalet har tidlegare fått desse breva til orientering. I framlegget til statsbudsjett for 2021 ligg det imidlertid ikkje inne midlar til Vestland, jf omstillingsprogrammet for utsette kommunar. Vi har fått opplyst hos KMD at dei ikkje har fått auka midlar til det nemnde omstillingsprogrammet, og at dei vidarefører innsatsen innanfor dei tradisjonelle omstillingskommunane. Og at det vert lagt til grunn at koronarelaterte utfordringar vert dekkja gjennom andre ordningar. Dei utfordringane som Vestland fylkeskommune melde inn gjennom sine to brev er i stor grad korona-relaterte. Vi hadde ikkje tradisjonelle omstillingskommunar på det tidspunkt behovet vart meldt inn. I det vidare følgjer vi med på utviklinga i kommunane, og ser kva vi kan hjelpe utsette kommunar med.

Nærings- og utviklingsfond for utsette kommunar og område

Sjå nærings- og utviklingsfond saman med øvrig innsats

Vi må slå fast at eit ev nærings- og utviklingsfond må sjåast i samanheng med den innsatsen som vi elles arbeider med å forme

- Innsats overfor utsette kommunar
- Nærings- og samfunnsutvikling i bygder og lokalsamfunn
 - o Som er ein overbygning for den samla innsatsen
- Arbeidet med den regionale næringsplanen

Kva funksjon skal eit nærings- og utviklingsfond dekke

På bakgrunn av tidlegare erfaringar og kontakt med nokre av kommunane kan vi seie at det i ein del kommunar er utfordringar med å finansiere tiltak i regi av kommunen eller i regi av det lokale næringssselskapet (i ein del kommunar er næringssselskapet kommunen sitt næringsapparat). Dette kan vere fellestiltak for fleire bedrifter, og det kan vere innsats overfor nyetablerte bedrifter eller omstilling i eksisterande bedrifter - fortrinnsvis mindre bedrifter. Kommunar og næringssselskap sin innsats er særleg viktig i tida før ei bedrift får hjelp av Innovasjon Norge. Og overfor gode initiativ som ikkje får støtte frå Innovasjon Norge.

Dei tidlegare kommunale næringsfonda hadde den funksjonen at kommunen og det lokale næringssselskapet kunne hente ut midlar til finansiering av tiltak. Dette gjeld både fellestiltak for fleire bedrifter, og støtte til mindre føretak - både nyetablerte og andre. I Hordaland har det vore satsa på målretta tilskot til nyetablerte bedrifter gjennom etablerarfonda for høvesvis Hardanger, Sunnhordland og Bergensregionen. Tidlegare var det også regionale næringsfond som dekkja begge dei memnde formåla.

Vi trur framleis det er dette som er behovet: mulighet til å kunne finansiere opp fellestiltak, og å støtte mindre selskap og nyetablerte selskap - særleg i fasa før dei kan få støtte frå Innovasjon

Norge. Og dette med snøgg, og lett men god sakshandsamling. Og det kan vere behov for at kommunar og fylkeskommune går saman i fellesprosjekt, og her kan også eit nærings- og utviklingsfond vere ei finansieringskjelde.

Tankar om innretning av eit nærings- og utviklingsfond for utsette kommunar og område
Tilgang på fylkeskommunal medfinansiering av særleg viktige lokale og regionale initiativ vert av fleire kommunar rekna som det viktigaste området for samspel med fylkeskommunen. Dette vil i stor grad handle om å stimulere til ei ønska utvikling innan område som er definerte som særleg viktige for samfunns- og næringsutvikling i kommunane og fylkeskommunen sine planar. Eit anna viktig tiltak kan vera stimuleringsmidlar til oppstartsbedrifter, som treff på dei prioriterte områda i planane våre. Mange av desse fell utanom både IN og SIVA sine ordningar, men er av stor betydning for å bygge opp eit variert næringsliv. Vi ser for oss ei adskilleg spissare og meir avgrensa ordning enn dei gamle næringsfonda frå Sogn og Fjordane, og etablerarfonda frå Hordaland.

Nokre kommunar ynskjer også fleire fellesprosjekt med fylkeskommunen, der finansiering og deltaking i prosjekta er felles ansvar.

Fylkeskommunen kan ev setje av midlar i ei ordning der kommunar, næringssselskap og regionråd kan søke. Fylkeskommunen kan administrere ordninga, og det vert lagt opp til kort sakshandsamingstid - og eit søknads- og rapporteringsarbeid som ikkje er så omfemnande. På bakgrunn av oppdrag frå politisk hald kan ein greie ut den konkrete utforminga av ein slikt fond. Det må leggst inn så mykje midlar at eit fond/ei ordning har ein god funksjon. For å nemne eit konkret tal så er det neppe tenleg å etablere eit fond som disponerer mindre enn 10 mill kr pr år. Med tanke på 2021 kan ein nemnde omdisponering av det som er att frå ei ordning for kommunale næringsfond, dvs to mill kr som då kan gå inn i eit nærings- og utviklingsfond.

Tilhøve til Regionråda

I følgje den nyleg vedtekne utviklingsplanen for Vestland er regionråda viktige samarbeidspartnarar for å få gjennomført utviklingsplanen. Desse fungerer no noko ulikt, men det er fleire stadar arbeid på gong med å sjå på råda si samansetning og funksjon. Det kan drøftast kor vidt regionråda kan forvalte eit nærings- og utviklingsfond, som i så fall vert fordelt på dei ulike regionråda. Det kan imidlertid vere mest nærliggande at eit nærings- og utviklingsfond vert forvalta samla, av fylkeskommunen. I ein slik modell kan regionråda t.d. søkje om midlar til fellestiltak som dekkjer fleire kommunar.

Andre tilhøve

I samband med denne saka har ein innhenta synspunkt frå fleire næringsansvarlege ute i kommunane. Og ein tenkjer å hente fleire synspunkt i det vidare arbeidet. Vi syner elles til sak 42/2020 i hovudutvalet i juni, der ein drøfta kommunale næringsfond. I den nemnde saka drøfta ein m.a. kriterium for tildeling av midlar til kommunane. Det kan i det vidare vere aktuelt å skjele til denne saka når ei arbeider vidare med eit nærings- og utviklingsfond.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Drøfte i samband med budsjettarbeidet for 2021

Klima: Ein vellukka innsats støttar opp under arbeidet med klima

Folkehelse: Ein vellukka innsats støttar opp under arbeidet med folkehelse

Regional planstrategi: Den skisserte innsatsen er i samsvar med overordna føringar

Vedtakskompetanse: hovudutval for næring

Konklusjon/oppsummering

På grunnlag av tilbakemeldingar frå hovudutvalet vert det arbeidt vidare med å konkretisere eit ev nærings- og utviklingsfond for utsette kommunar og område. På grunnlag av tilbakemeldingar frå hovudutvalet vert det arbeidt vidare med å konkretisere eit slikt fond, og ein tenkjer å kome tilbake med ei sak om dette.